

Oppdragsrapport frå Skog og landskap 12/2007

---



skog+  
landskap

## MARKSLAG OG JORDSMONN PÅ HAUGEHÅTVEIT NEDRE, 833-97/10, I TOKKE KOMMUNE, TELEMARK

---

Ove Klakegg

Elling Mjaavatten



Oppdragsrapport frå Skog og landskap 12/07

---

MARKSLAG OG JORDSMONN PÅ  
HAUGEHÅTVEIT NEDRE, 833-97/10,  
I TOKKE KOMMUNE, TELEMARK

---

Ove Klakegg

Elling Mjaavatten

Omslagsfoto: Tunet på Haugehåtteit nedre. Foto: Elling Mjaavatten, Skog og landskap

---

Norsk institutt for skog og landskap, Pb 115, NO-1431 Ås, Norway

---

## SAMANDRAG

Norsk Institutt for Skog og Landskap har etter oppdrag for Tove Bringsvær, Bø ajourført markslag og kartlagt jordsmonnet på dyrka mark på garden Haugehåtteit nedre i Tokke kommune. Jordsmonn og markslag er kartlagt etter gjeldande instruksar og etter gjeldande retningsliner for partsnøytral informasjon frå instituttet.

Markslaget blei først kartlagt i 1971, og seinare ajourført basert på fotografering frå 1999. Siste ajourføring skjedde etter feltkontroll 20.-21. mai 2007. Då blei også jordbruksarealet jordsmonnkartlagt.

Feltkontrollen førte til endra markslag for tre areal på grunn av omfanget av gjengroing (Figur 2-1, Figur 2-4, Figur 2-6).

Den dyrka marka består av djup morenejord dominert av grushaldig siltig mellomsand. Stein- og blokkinnhaldet i øvre ½ meter er vurdert til 5-10m<sup>3</sup> per dekar og hellingsgraden varierer mellom 10 - 20%. Klimaforholda er viktigaste begrensande faktor for jordbruksproduksjon. Delar av arealet treng grøfting.

Gardskartet viser eit totalareal på 414,9 dekar. Av dette er 25,8 dekar fulldyrka, lettbrukt jord, 367,2 dekar skog med middels bonitet og 10,3 dekar skog med høg bonitet.

**Nøkkelord:** DMK, jordsmonn, gårdskart

# INNHALD

Lokalisering.....	- 1 -
Markslag.....	- 2 -
<i>Metodikk</i> .....	- 2 -
<i>Markslaget i delområda</i> .....	- 2 -
Øyustøylområdet.....	- 2 -
Tunområdet.....	- 4 -
Nedre området.....	- 6 -
Jordsmonn.....	- 8 -
<i>Metodikk</i> .....	- 8 -
<i>Kartlagte eigenskapar</i> .....	- 9 -
<i>Potensiale for jordbruk</i> .....	- 9 -
<i>Miljørelaterte eigenskapar</i> .....	- 10 -
Litteratur.....	- 10 -




# 1. LOKALISERING

Haugehåtteit nedre ligg i dalsida vest for elva Tokke i Tokke kommune i Telemark (Figur 1-1).



Figur 1-1 Lokalisering av Haugehåtteit nedre.

Eigedommen er totalt på 414,9 dekar med 25,8 dekar fulldyrka, lettbrukt jord. Bruket er oppdelt i 3 separate delar som til saman har ei høgdeutstrekning frå 130m o.h. til 790m o.h. (Figur 1-2) :



- Nedre del ligg i den bratte dalsida ovanfor elvemøtet Rukkeåi/Tokke, 130-510m o.h.
- Midtre del ligg meir austvendt på eit mindre bratt parti 500-650m o.h. Her ligg tunet og den dyrka mark
- Øvre del inneheld stølsområdet, 660-790m o. h.

Figur 1-2 Lokalisering av dei ulike deler av Haugehåtteit nedre (97/10)

## 2. MARKSLAG

### Metodikk

Markslaget på eigedommen er kartlagt etter retningslinjer gitt i Bjørdal (2007). Definisjonar av relevante klasser er gitt i denne rapporten som kan lastast ned frå adressa <http://www.skogoglandskap.no/filearchive/handbok0107.pdf> . Markslaget i Tokke kommune blei ajourført etter flyfotografering i 1999 og Haugehåtteit nedre er oppdatert etter feltbefaring i mai 2007 med digitale ortofoto frå 2004.

### Markslaget i delområda

Haugehåtteit nedre er oppdelt i tre delområde (Figur 1-2): Øyastøylområdet øvst, området med tun og jordbruksareal sentralt og nedre området i dalsida ovanfor Rukkeåi/ Tokke.

#### ØYUSTØYLOMRÅDET


Øyustøyl er ein nedlagt støl som ligg sentralt i dette området (Figur 2-1).



Figur 2-1 Tidlegare setervoll ved Øyustøyl har i dag oppslag av gran og ein del lauvtre (Foto: E. Mjaavatten)

Setervollen er tidlegare klassifisert som anna jordekt fastmark med middels bonitet. Synfaringa viste at det i dag er tett oppslag av gran og ein del lauvtre (Figur 2-1). Av den grunn er denne teigen på 7,6 dekar no klassifisert som **barskog med middels bonitet**. Det same markslaget dekker det meste av området omkring (61,9 dekar) bortsett frå eit grunnlendt areal øvst i nord på 5,8 dekar som har **barskog med låg bonitet**. Totalt areal for dette området er 75,3 dekar (Figur 2-2).






Figur 2-2 Kart over markslaget i Øyustøylområdet



## TUNOMRÅDET

Tunområdet dekker tunet, jordbruksarealet på garden i tillegg til skog (Figur 2-3).



Figur 2-3 Markslaget på den midtre delen av bruket



Skogsarealet er for det meste **barskog med middels bonitet**. Nord og aust for det dyrka arealet er det eit mindre område med **barskog, høg bonitet**. I den søraustlige delen av dette området er det eit grunnlendt areal med **blandingsskog, middels bonitet** (2,2 dekar). Arealet på 6.0 dekar som grensar opp til nabogarden, 97/3, har tidlegare vore klassifisert som jordbruksareal. Arealet er prega av gjengroing frå kantane med bjørk og spreidde oppslag av gran(Figur 2-4).



Figur 2-4 Tidlegare jordbruksareal som er prega av gjengroing (Foto: E. Mjaavatten)

Urter dominerer (mjørdurt, marikåpe, skogstorkenebb, kvitveis med meir), grasartar er det mindre av. Arealet ser ikkje ut til å være brukt som beite. Arealet er no klassifisert som **ikkje sjølvdreneret, mindre lettbrukt dyrkingsjord med lauvskog, middels bonitet**.

Jordbruksarealet ved tunet er tidlegare klassifisert som **lettbrukt, fulldyrka jord** og denne klassifikasjonen er ikkje endra(Figur 2-5). Delar av arealet har behov for grøfting, men ikkje i eit slikt omfang at det tilsvarer nydyrking. Lettbrukt, fulldyrka jord er på 25,8 dekar. (I tillegg har ein snipp av naboen sitt jorde i nordaust komme med. Det er uklart om eigedomsgrensa er noko unøyaktig på dette punkt og at arealet på 0,2 dekar med mindre lettbrukt, fulldyrka jord eigentleg tilhøyrer naboen. Statens kartverk er ansvarleg for dei digitale eigedomsgrensene.)





Figur 2-5 Jordbruksarealet held framleis kravet til lettbrukt, fulldyrka jord (Foto: E. Mjaavatten)


#### NEDRE OMRÅDET

Dette området er arealmessig det største (Figur 2-7). Bortsett frå eit mindre areal som tidlegare var klassifisert som fulldyrka, tungbrukt jord er markslaget uendra. Det tidlegare jordbruksarealet (Figur 2-6) er i dag gjengrodt av høgstaudar og mindre lauvtre. Arealet er no klassifisert som **Anna jorddekt fastmark med middels bonitet.**



Figur 2-6 Gjengrodt jordbruksareal i det nedre området (Foto: E. Mjaavatten)





## Gårdskart

0833-97/10

Målestokk: 1:5000



Ajourføringsbehov meldes til landbrukskontoret

Utskriftsdato: 15.6.2007

### Tegnforklaring (Arealdata i dekar)

<b>=A</b>	Fulldyrka lettbrukt jord	25.8	
<b>=B</b>	Mindre lettbrukt fulldyrka jord	0.2	
<b>=</b>	Fulldyrka tungbrukt jord	0.0	26.0
<b>⌋</b>	Overflatedyrka jord	0.0	
<b>⌋</b>	Innmarksbeite	0.0	26.0
<b>S</b>	Skog, sær høg bonitet	0.0	
<b>H</b>	Skog, høg bonitet	10.3	
<b>M</b>	Skog, middels bonitet	367.2	
<b>L</b>	Skog, lav bonitet	5.8	383.3
<b>⊞</b>	Anna skog	0.1	
<b>⊞</b>	Myr	0.0	
<b>∇</b>	Anna jorddekt fastmark	5.2	
<b>∧</b>	Grunnlendt areal/fjell i dagen	0.0	5.3
	Ikke klassifisert	0.3	414.9

Kartet viser en presentasjon av valgt type gårdskart for den valgte landbruksseiendommen. I tillegg vises bakgrunnskart for gjenkjenneelse.

Arealstatistikken viser arealer i dekar av de ulike arealklasser for landbruksseiendommen.

Det kan forekomme avrundingsforskjeller i arealtallene.

— Eiendomsgrenser  
 ... Gamle markslagsgrenser fra ØK

Figur 2-7 Markslaget i det nedre området av bruket


Det meste av det nedre området er grunnlendt og bratte areal med middels bonitet, langs grensa i nordaust er boniteten høg. Nedanfor Mobyртеvegen (Figur 2-7) dominerer blandingsskog, ovanfor dominerer barskog.

### 3. JORDSMONN

I tillegg til markslagsklassifiseringa er jordsmonnet på jordbruksarealet (25,8 dekar) kartlagt (Figur 2-3). Markslagsinformasjonen på dyrka mark er ei vurdering av arealtilstand (i overflata) medan jordsmonnkartet gir detaljert informasjon om jordas samansetning og eigenskapar ned til 1 meters djup.

#### Metodikk

Jordsmonnet er kartlagt etter standard retningslinjer for jordsmonnkartlegging som blir brukt av Norsk institutt for skog og landskap. Feltguide (Nyborg og Solbakken 2007) med alle definerte jordtyper og feltinstruks (Mjaavatten 2007) er dokument som blir brukt under feltarbeidet. Jordbor blir brukt for å identifisere jordtypane og utbreiinga blir avgrensa på felt-pc. I tillegg til jordtypeinformasjonen inneheld kartfigurane også informasjon om hellingsgrad, stein- og blokkinnhald, frekvens av fjellblotningar og ein del andre eigenskapar som er relevante for jordbruksdrift. Alle jordsmonndata er lagt ut på våre internettsider på adressa <http://www.skogoglandskap.no/seksjoner/kartkatalog> . Her ligg også informasjon jordsmonnkart generelt og dei ulike temaa spesielt (Figur 3-1, eksempel på temakart). Desse dataa kan også fritt lastast ned.



Figur 3-1 Dominerende jordsmonngrupper på jordbruksarealet



## Kartlagde eigenskapar

Jordbruksarealet ligg på djup morenejord. Bergrunnen i området er dominert av kvartsitt som gir eit næringsfattig opphavsmateriale. Siltig mellomsand er dominerande tekstur i alle sjikt, men delar av arealet har innslag av sandig silt i plogsjiktet. Foreløpige analyseresultat frå 2 prøvelokalitetar viser liten teksturvariasjon både i overflata og i djupna:

Sand: 60-65%

Silt: 30-35%

Leir: 4-6%

Det meste av arealet er klassifisert som Stagnosol (Figur 3-1). Dette er jordsmonn med god tilgang på vatn i dei øvre sjikta og som derfor krev grøfting (ikkje sjølvdrønert jord). Som nemnt under omtalen av markslaget er grøftetilstanden dårleg på delar av arealet.


Lengst aust på jordet er det eit areal med Podsol. Fuktigheitsforholda er her betre og behovet for grøfting mindre.

Heile arealet er rydda for stein- og blokk under oppdyrking. Stein- og blokkinnhaldet i den øvre 0,5meter er no vurdert til å være 5-10m<sup>3</sup> per dekar. Grusinnhaldet er omkring 30%, dvs. grushaldig (vanleg for morenejord).

Hellinga på jordet er målt til 6-12% i øvre delar og mot tunet, sentrale delar har 9-15% helling og i nord og aust er hellinga 12-20%.

## Potensiale for jordbruk

Potensiale for dyrking av ulike vekstar er vurdert ut frå klima, jord og terrengforhold. Avleiingane legg til grunn at grøftetilstanden er god. På dette bruket er klima ein begrensande faktor sidan jordbruksarealet ligg på vel 500meter o.h. Ser vi berre på jord- og terrengforhold er begrensningane små og arealet har god lagringsevne for vatn i rotsona (Figur 3-2).




Figur 3-2 Lagringsevne for plantetilgjengelig vatn

Modellane viser at areala er eigna til dyrking av gras, korn og potet, men på grunn av rådande klimaforhold er det nok grasproduksjon som høver best.

## Miljørelaterte eigenskapar

Det er også berekna erosjonsrisiko for dette arealet. Erosjonsrisikokartet viser kor stor erosjonsrisikoen er dersom alt areal blir pløgd om hausten (Figur 3-3).



Figur 3-3 Erosjonsrisiko ved hauspøying

Middels erosjonsrisiko dominerer, men den nordlege delen kjem ut med Stor erosjonsrisiko på grunn av helling og innslag av høgare siltinnhald (sandig silt) i plogsjiktet.

## 4. LITTERATUR

Bjørddal, Inge 2007: Markslagsklassifikasjon i Økonomisk Kartverk. Håndbok fra Skog og landskap 01/2007.

Nyborg, Åge og Solbakken, Eivind 2007: Norsk referansesystem for jordsmonn. Feltguide jordsmonnkartlegging. Håndbok fra Skog og landskap 04/2007.

Mjaavatten, Elling 2007: Feltinstruks for jordsmonnkartlegging. Håndbok fra Skog og landskap 03/2007.